

Utviklingspsykologi .....	8
Klinisk psykologi .....	8
Arbeidspsykologi og relaterte emner	7
Sosial interaksjon.....	6
Kommunikasjon .....	6
Sosial kontroll og sosialisering.....	4
Innstillinger .....	2
Gruppepsykologi.....	2
Kjønnsroller.....	1
Pedagogisk psykologi .....	4

120

Generelt var kognitiv psykologi sterkt representert, ikke bare ved temaene persepsjon, hukommelse og tenkning, men også innenfor de fleste andre temaer. Så stor interesse som det har vært for kognitiv psykologi internasjonalt i den senere tid må en nesten kunne forvente at interessen for dette temaområdet snart må nå toppen og gå nedover og at motivasjonelle og dynamiske emner vil komme sterkere inn igjen etterhvert.

Som ny president for den internasjonale psykologiforening ble valgt Friedhart Klix fra psykologseksjonen ved Humbolt-universitetet i Øst-Berlin. Neste verdenskongress vil bli holdt i Mexico City i 1984 (for første gang i et u-land), og den 24 kongressen vil bli arrangert i Sydney, Australia, i 1988.

## Bokanmeldelse

**Paul Moxnes:**  
**ANGST OG ORGANISASJON**

130 s. Pris kr. 49.00.

Universitetsforlaget

Anmeldt av SVEIN M. KILE,  
Institutt for organisasjonspsykologi,  
Universitetet i Bergen

Paul Moxnes har skrevet ei bok med ein krevande tittel. Venteleg vil ein slik tittel selje godt, men heilt truverdig er han ikkje i dette tilfellet.

Det Moxnes i røynda gjer er å skildre si forskning på ei mindre avdeling innan eit stort psykiatrisk sykehus. Der gjer han seg tankar gjennom medlevande observasjon og utviklar seinare mælestavar om angst, om spenning, om samliv og organisasjon. I boka si presenterer han avdelinga, dei møte som vart haldne, og drøftar kort strukturomgrepet i kapittel 1. Så skildrar han samarbeid og samspel ved å framstille trekk av kommunikasjon og spelet mellom folk. Han skisserar pleiarar, lækjarar og psykologar, og handsaminga dei står for. Han peikar på paradoks og vanskar i det psykiatriske samfunnet i sitt andre kapittel.

Moxnes sine mål tykkjest å vere å skildre eit sosialt system slik at det «blir gjenkjent, sannsynleggjort og dermed kommuniserbart». Ein som sjølv ikkje har vore der, og ikkje har arbeidd i eit psykiatrisk sykehus, kan ikkje døme ved attkjenning. Men ein kan stusse ved den fargerike, ofte krasse språkbruken. Moxnes *kan* skrive og skildre, men kor rett og presist han skildrar er vanskeleg å vite. Kraftige generaliseringar eksploderar for augo. Ein kjenner i alle fall att meir oppøste debattformuleringar hos personalet som ikkje nett legg fingrane imellom andsynes kollegaer og overordna.

Eg siterar: «Kampen legene imellom var de sterkes kamp for å bli enda sterkere.» «Pasientene kunne sees som brikker i dette spillet om makt og posisjon. Pleiepersonalet kunne til dels gjennomskue dette spillet og se at forandringer mest var til legenes og administrasjonens eget beste.»

Skurke- og helterollene og offerrollene blir sanneleg klart fordelte. Er dette kunn- eller vitskap?

Og så har sjølv sagt «makteliten» hemmelege «og overjordiske» samtaler som fører til at personalet blir førelagt gjennomarbeidde endringsforslag som dei så, stakkarane, på sparket skal ta standpunkt til. Overrumplingsmanøvrer, utmanøvrering av pleiepersonalet og andre personalgrupper høyrer visst til dagsens orden. Men dei gode underordna går her under jorda, og i si usikkerheit driv dei ein effektiv para-terapi.

Slik held det fram med målande, bastante, krasse synspunkt. Legane er som dei er på

grunn av «den bitre erkjennelse at en lege stod hjelpeløs og maktesløs overfor de oppgaver samfunnet hadde pålagt ham.» «Det psykiatriske sykehus var også en slags menneskelig kennel.» Og slik «gjenspeiler» sjølv sagt det psykiatriske sjukehuset samfunnet utenfor.

Ein blir lite glad for desse lettvinde, journalistiske «in»-påstandane. Dei tykkjast lite underbygde. Og ein får særst liten tillit til desse susande, altomfattande sveip over legar, sjukehus, samfunn og psykologar. Dersom resten var av same kvalitet og standard som det eg her siktar til, kunne denne boka godt lege umeld utan skade.

Men Moxnes har svært positive sider óg. Til tider aukar presisjonen. Han gjev varsame skildringar til det verkeleg forsvarlege. Det er når han skildrar *det som hende* han er best. Når han vurderar, skliar han oftare ut i lite varsame, men elegante og velformede kraftsalvar. Han gjev illustrerande bilete av ymse strukturar i gruppeverksemd. Han skil greit mellom sosio- og psykogrupper til opplysning for lekfolk som les boka. Det er forøvrig ein av styrkane ved denne boka at lekfolk stort sett kan lese så augo blir store og våte. Men dersom dei trur på alle generaliserande vurderingane til Moxnes, kan dei óg bli alvorleg misleidde.

Allereide i kapittel 2 tek ein til å augne ein ung, god fagmann som meistrar mykje innsikt både om angst og om organisasjonstilhøve, og ikkje minst om organisasjonsutvikling. Kommunikasjonsvanskar og angst, språkanalysen, analysen av pleiarane, paraterapien, teiing som makt til overordna og psykologar, det kjem brått så nær og intenst på ein, og er så klokt skildra, at ein kjenner på heile seg at dette må Moxnes ha sansa og sett og gjennomlevd. Det verkar så ekte og det fengjer djupt. Då ser ein lett, kanskje for lett, gjennom fingrane med desse gloriøse glepp og trang til overdramatisering som eg har skissert ovanfor. Psykologens veg til makt er ikkje særleg vakker ifølge Moxnes. Men så kjem også fader Goffman inn og støtter han. Og atter får vi då høyre at sjukehuset er ein «storage dump».

Nedst på side 51 får vi del i denne djupe innsikt: «For pasienten utgjør all forandring en trussel, og effektiv terapi er det han frykter mest.» Jau, tru det den som vil.

Og slik spring kapitla, lett og velskrive utover i boka, med dei løgnaste blandingar av godt, ekte, sannsynleggjort og ville sprang ut i generaliseringane. Vi får vidare høyre om angst og status med høvelege sitat frå Løchen o.a. om leiinga sine problem. Der er, ifølge Moxnes, utruleg mange. Her trur eg han har rett; det kan eg etter eiga røynsle underskrive. Men er det nå så gale med dominans og angst og spel og vankunne i det psykiatriske sjukehuset reint allment, så er det heilt utruleg at folk held ut med psykologar og psykiatrarar og med kvarandre. Psykiatrarane skildrast som var dei på randa eller over stupet av samanbrotet. Sjå til dømes side 65 i føreliggande bok.

Så går denne så fantastiske angstfylte og problematiske avdelinga over frå freistnad på miljøterapi til å bli vanetreningsavdeling. Vi får vite at dei redde blir trygge og elles at personalet meinte at alle andres interesser vart betre tekne vare på enn deira. Kor mykje som er sant, og kor mykje som er vonbrot og skuldoverføring, det sit ein og lurar på, den som ikkje var der.

Avsnittet om driftsangst og systemangst er fagleg nøkterne. Angst-terapi blir derimot dramatisert i svære livs- og dødstema. Kven veit, kan hende er det rett? Kapitla 5–8 gjev dels god fagleg forteljing, særleg frå Moxnes sitt arbeid med psykogrammet. Kapittel 6 tykkjer eg er det beste i boka. Det handlar om «hvordan organisasjon kan brukes som et forsvar mot angst». Her kjenner ein nokså røynd organisasjonspsykolog att det meste. Eg må seie at eg gled meg mykje over Moxnes sine fine forståingar og djupe innsikter i dette på trass av eit konvensjonelt, vulgært «slakt» av byråkratiet.

Konklusjonen er denne: Dette er ei ujamn bok av sterkt vekslende fagleg kvalitet. Det er ei uhyre velskreve bok, og språket er ofte gliitrane, men upresist. Fagtema blir oftast greit forklarte for lekmannen. Dette er som sagt ei av bokas fine og sterke sider. Det er igrunnen ei uhyre interessant, medrivande og

levande bok. Tema valet er sentralt, også for organisasjonspsykologien. Forfattaren kan mykje, han ser mykje, han opplever mykje, der er mengder av søkjande, pulserande liv i både han og boka, ser det ut for.

I norsk organisasjonspsykologi vil denne boka, trass alle sine veikskarar, bli ståande som eit viktig verk. Ho vil nemleg bidra til å vise at organisasjonspsykologi ikkje er trutt, dødt, og positivistisk tenarskap for makta og meiningsmælingane. Tvert imot er organisasjonspsykologien eit levande bruksfelt for også den kliniske innsikt og eit bruksfelt som er i rivande utvikling.

Moxnes si doktoravhandling om same tema vil eg tilråde for kollegaer som føler trong til å studere korleis han utviklar sine reiskapar. Det er slett ikkje dårleg gjort. Arbeidet er også viktig fordi det er så lite gjort på feltet angst og organisasjon i det heile. Ein bladde gjennom ein del sentrale lærebøker frå dei siste 10 åra, og finn sær seldan at ordet «anxiety» er med i registeret.

Sjølv ikkje ei av dei store handbøkene for organisasjonspsykologar med kliniske interesser, boka *Organizational Diagnosis* av Harry Lewinson, berører temaet angst i nokon særleg grad.

Difor har Paul Moxnes både med denne populærboka, men særleg truleg med doktoravhandlinga si, som eg ikkje er kalla til å melde her, gjort eit nybrottsarbeid som kjem til å få fylgjer langt utover den indre krinsen av interesserte. Det er mi von at unge, norske psykologar nå endeleg skjønar at organisasjonspsykologi er langt meir enn å teste, velje ut og plassere menneske.